



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 29. februar 2016 kl. 09.00 – 13.00
Stad: Formannskapssalen, rådhuset
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Kåre Helge Østrem, Anne Kristin Tonning og Rebecca Duesund Fjeldsbø
Forfall: Hege Kristine Mjelde (vara) og Rolf Henning Hegland (nestleiar)
Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun
Frå revisjonen: Gunnar Husebø (Deloitte)
Sekretær: Tonje Husum Aarland

01/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

02/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 15.12.15 er godkjent. Kontrollutvalet ber om at møteutskrifta også vert sendt ut saman med sakpapira til kvart møte.

03/16 Skriv og meldingar

- Økonomisk oversikt – kontrollutvalet

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

04/16 Prosjektplan for «Forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll»
Saksvedlegg: «Prosjektplan – Internkontroll»

Frå førre møtet:

58/15 Eventuelt

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016

Planen for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 vart diskutert i møtet. Punkt åtte i planen, «Forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll» er ikkje utført forvaltningsrevisjon av.

Samrøystes vedtak:



Kontrollutvalet vil med bakgrunn i plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 bestille forslag til prosjektplan for «forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll».

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte kontrollutvalet om korleis kommunen arbeider med prosjekter knytt til internkontroll gjennom Lindås 2019. Rådmannen peika på utviklinga dei siste åra, det pågåande arbeidet og planane framover, og gjennomgikk problemstillingane frå prosjektplanen og svarte på spørsmål. Det har blant anna vore ei haldningsendring med større fokus på internkontroll og avvik enn tidlegare. Det har også vore organisasjonsendringar saman med utvikling av elektroniske system.

Kontrollutvalet diskuterte prosjektplanen for forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for god orientering frå rådmannen og tek denne til vitande. Kontrollutvalet ber om å få ei oppdatering av desse prosjekta på møte i kontrollutvalet hausten 2016.

Kontrollutvalet takkar for prosjektplan for forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem / internkontroll og vedtek å ikkje i verksette dette prosjektet no.

05/16 Ansvarleg revisors uavhengighetserklæring

Saksvedlegg: «Uavhengighetserklæring Lindås kommune 2015»

I følge § 15 i forskrift om revisjon skal revisjonen kvart år legge fram ein eigen vurdering av uavhengighet til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknad til revisors uavhengighet.

06/16 Kontrollutvalet – ansvar, oppgåver og organisering

Saksvedlegg: «Kontrollutvalet i Lindås kommune – ansvar, oppgåver og organisering»

Kontrollutvalet er eit lovbestemt utval med eiga forskrift i lovverket.

Kontrollutvalet diskuterte det framlagte utkastet om kontrollutvalet sitt ansvar, oppgåver og organisering.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek «Kontrollutvalet Lindås – ansvar, opppgåver og organsering» slik den no ligg føre.



07/16 Teieplikta til kontrollutvalet

Kontrollutvalet diskuterte teieplikta til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Medlemmene i kontrollutvalet skriv under teieplikt for å stadfeste at dei er kjend med innhaldet i § 5 i "Forskrifter om kontrollutval" der teieplikt er formulert.

08/16 Innspel til sak i kontrollutvalet

Saksvedlegg: Saksdokumenta er unntatt offentlegheit med heimel i offentleglova §13 og forvaltningslova §13 og vert lagt fram i møte.

Kontrollutvalet vel å lukke møtet under denne saka med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.

Det er komme innspel til sak i kontrollutvalet om ein byggjesak.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å følge opp denne saka på neste møte.

09/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

10/16 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er 15. mars.



LINDÅS KOMMUNE

Knarvik 29.02.2016

Peder Jøsendal

Peder Jøsendal, leiar

Tonje Husum Aarland

Tonje Husum Aarland, sekretær